

Endre Brattestå
Lauvikvegen 195
3880 Dalen

Dalen 27-06-2014

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Høyringsuttale vedgåande overføring av Espelitjønn til Tokke kraftverk.

Me vil fyrst påpeke at ikkje alle grunneigerane i nedre del av Tokkeåi er varsla. At Statkraft ikkje kan tyde kart og setje seg inn i eigendomsgrensene kan ikkje grunneigerane lastast for. Brattestå har sidan 1849 hatt grunneigarretten for store delar av elvedeltaet til Tokkeåi. Etter puring kom endeleg konsesjonssøknaden og prosjektrapporten frå Statkraft. Me blir nå opplyst om at dei ikkje finn vår eigendom på kartet. Framleis er det store grunneigarar som ikkje har blitt informera om prosjektet. Me har fått opplysningar om at det har vore fleire møte med grunneigerane ovanfor Tokkeåi i Berglibekken og Espelitjønn. Men ikkje eit einaste informasjonsmøte for grunneigerane i Tokkeåi. Dette vitnar om ein sær suseriøs behandling av Statkraft og dette er truleg ein uloveleg saksframgang. Berglibekkens betydning for Tokkeåi blir og sterkt bagatilisera i prosjektrapporten.

Me vil med denne høyringsuttala begrunne kvifor me er i mot overføringa. Dei fleste storaurevassdrag i Noreg er regulerte til kraftformål, slike inngrep er rekna som den mest alvorlige trusselen for storaure i Noreg. Storaurestamma i Bandak og Tokkeåi er ein av få gjennlevande klassiske storaurestammer i Noreg. (Nina rapport 544) Den unike stamma er sterkt truga av sær ugunstige miljøforhold i Tokkeåi. Under utbygginga vart det ikkje tatt hensyn til storaurestamma i det heile. Stamma har hatt ein sterk nedadgåande trend etter reguleringa i 1957. Den sterke tilbakegangen av gytebestanden er sær bekymringsfull. Storaurestammer representerar store biologiske og kulturelle verdiar. Felles for alle storaurebestandar er at dei reknast for å vere sær attraktive for sportsfiskerar. Storaurefiske er innlandsvassdragas mest verdifulle fiske. Mange storaurestammer har bukka under av kraftproduksjon og store miljøinngrep. Det er god grunn til å tru at det kun er snakk om tid før det same skjer med den over 10000 år gamle storaurestamma i Bandak og Tokkeåi. Ein ser av utredinga at Berglibekken forsyner Tokkeåi med 1-2% vassføring. Dette er ein fordreining av sannheten. Hvis Lio kraftverk får eit utfall, spesielt vår og haust vil Berglibekken forsyne Tokkeåi med sårt tiltrengt vatn. Ved utfall av Lio kraftstasjon er Tokkeåi prisgjeven restvassføringa frå dei få naturlege bekkane som er att. Berglibekken er ein av dei få. Mange gonger under utfall har desse små bekkane vore med på å forsyne Tokkeåi med vatn. Vasstemperaturen er og eit viktig moment her, då restfelta bidreg med ein naturleg vassstemperatur. Det som heller ikkje kjem fram av rapporten er at Berglibekken munnar ut på eit av dei største gytefelt for storauren i Tokkeåi.

Tokkeåi har ikkje minstevassføring og restfelta er einaste sikringa mot total tørrlegging. Statkraft har sidan 2010 ein sjølvpålagt vannføring frå Lio kraftstasjon. Dette er ikkje det same som minstevassføring. Utsikta/tilsikta utfall og stopp av kraftstasjonen har skjedd og vil skje. Slepp av vatn frå Vinje tar for lang tid, omlag 12-13 timar. Vannlevande organismar greier ikkje vere forutan vatn så lenge. Det ville vere underleg om NVE tillrådde ei ytterlegare miljøforverring i Tokkeåi. Spesielt med tanke på den påbyrja vilkårsrevisjonen i Tokke-Vinje og den genetisk unike storaurestamma.

Det er derfor særst tungtvegande grunnar for ikkje å tillrå overføring av Espelitjønn til Tokke 1, som fører til ytterlegare reduksjon av restvassføringa i Tokkeåi og deltaområdet. Me meiner at den samla belstninga for området er for stor og den blir ikkje mindre av dette.

Helsing
Endre Brattestå